

---

Saknr: 2020/39364-2  
Saksbehandlar Helene Moe  
Dato: 19.02.2020

---

---

**Til:** INV - Forvaltning Bergensområdet

---

**Frå:** Helene Moe

---

Kulturminnefagleg fråsegn. Søknad om dispensasjon til mellombels tipplass - gbnr 185/3 Isdal, Alver kommune. Omsynssone H570 - Den Trondhjemske Postvei.

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå informasjonen i kartutsnitta i kommunen sitt oversendingsbrev, vil den mellombelse tipplassen vere oppå traséen for Den Trondhjemske Postveien, (Askeladden-ID 246536), som er statleg listeført, og har nasjonal og regional verdi.

I kommunedelplan for Knarvik - Alversund og Alverstraumen, Lindås kommune, og Kommuneplanens arealdel 2019 - 2031 for Lindås kommune, begge planar på høyring hausten, er Den Tronhjemske Postveien vist som omsynssone H570 med tilhøyrande føresegner:

*«Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innafor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Innanfor omsynssona skal det ikkje gjerast inngrep i terreng og vegetasjon, eller setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan gjere skade på postvegen, forandre vegen sin karakter, eller utilbørleg skjemme kulturminnet, med mindre det er gjeve løyve til dette av kulturminnemyndighetene ved Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.»*

Ut frå kva vi kan sjå frå satellittfoto, er traséen til Den Trondhjemske Postveien i stor grad tilgrodd der kor det no er søkt om ein mellombels tipplass. Vestland fylkeskommune har ikkje vore på synfaring i samband med denne saka, men vår vurdering er at ein tipplass som leggjast oppå traséen for postvegen vil kunne medføre skade på vegen, også der kor traseen er tilgrodd med vegetasjon, og sjølv om tipplassen er mellombels. Vidare vurderer vi at ein mellombels tipplass vil forandre vegen sin karakter og utilbørleg skjemme kulturminnet. Vestland fylkeskommune rår i frå at det blir gjeve dispensasjon til ein mellombels tipplass med den plasseringa det er søkt om. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.